



Bremanger kommune

Møteprotokoll

Utval: Sogenemnda
Møtestad: Svelgen omsorgssenter
Dato: 27.01.2026
Tid: Kl. 11:00 - 14:00

Følgjande medlem møtte

Parti

Isak Berle
Kirsten Grotle
Lars Olav Rylandsholm
Liv Marit Bøen
Margret Frøyen
Per Helge Eikeland
Randi Bjørg Myklebust

Forfall meldt frå følgjande medl.

Parti

Følgjande varamedlem møtte

Parti

Jens Magne Sigdestad

Andre som møtte:

Renate Petrine Stavseng Johnsen

Underskrifter:

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/26	Godkjenning av møteprotokoll
003/26	Referatsaker
004/26	Drøftingssak
005/26	Saker som kjem til

001/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte Sogenemnda den 27.01.26 vert godkjende slik dei ligg føre.

Sogenemnda 27.01.2026:

Handsaming:

SOGE- 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Sogenemnda den 27.01.26 vert godkjende slik dei låg føre.

002/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll for Sogenemnda den 21.11.25 vert godkjend og skriven under slik den ligg føre.

Sogenemnda 27.01.2026:

Handsaming:

SOGE- 002/26 Vedtak:

Møteprotokoll for Sogenemnda den 21.11.25 vart godkjend og skriven under slik den låg føre.

003/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til vitande.

Sogenemnda 27.01.2026:

Handsaming:

1. Oppsummering sal og distribusjon av Allmennsoga II.
Rundt 1/4 av bøkene er selt og/eller distribuerte. Totalt har vi omsett bøker for vel 100.000 sidan Allmennsoga II vart lansert.
Det var semje om å gje begge allmennsogene og utvandrarjubileumsheftet i gåve til Klokkartunet, Haugetun, Bremanger sjukeheim og Svelgen omsorgssenter. Medlemmane føl opp butikkane i sine bygder og passsar på å levere ut fleire bøker når lagera er tomme.
Vi oppmodar kommunen om å gje bygdebøker til utlodding på basarar rundt om

i bygdene.

SOGE- 003/26 Vedtak:
Referatsaker vert tekne til vitande.

004/26: Drøftingssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Drøftingssaker vert teke til vitande.

Sogenemnda 27.01.2026:

Handsaming:

1. Planlegging av framtidige prosjekt for Sogenemnda.
Det kom mange og gode innspel frå medlemmane om tema til nye hefter for å dokumentere og formidle historia til Bremanger kommune.

Det blei og ein refleksjon rundt kven som er målgruppe for Sogenemnda sine publikasjonar.

Førsteprioritet er å få laga eit hefte om historia rundt Grotle gamle kyrkjegard. Det har sogenemnda gjort vedtak om tidlegare, jamfør sak 017/24.

I tillegg kom det fram mange forslag til tema for vidare produksjonar:

- Fornminner i Bremanger som omhandlar funn frå steinalder, bronsealder, jernalder og vikingetid
- Korens dagbok
- Kvinner i motstadsrørsla under krigen
- Mattradisjonar frå kommunen vår
- Historia til landhandlarane/butikkane våre
- Innvandrarhistorier frå folk som har flytta til kommunen frå ut- og innland
- Historia om idrett- og musikklivet i kommunen
- Samle inn og bygge opp eit fotoarkiv av gamle bilde frå Bremanger, m.a. foto frå Diderich Lund si samling

SOGE- 004/26 Vedtak:
Drøftingssaker vert teke til vitande.

005/26: Saker som kjem til

Sogenemnda 27.01.2026:

Handsaming:

Ingen saker kom til i møte.

SOGE- 005/26 Vedtak: